

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

11/5713-

18. desember 2025

Rundskriv A-1/2025 Statlege rettleiande retningslinjer for økonomisk stønad for 2026

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gir rettleiande retningslinjer om nivået på stønad til livsopphald etter sosialtenestelova § 18 fjerde ledd.

Økonomisk stønad etter sosialtenestelova er ei yting som blir fastsett ut frå skjøn, jf. lova § 18 første ledd. Dei kommunale sosiale tenestene i Nav-kontoret har både rett og plikt til å utøve skjøn når dei vurderer om det skal ystast stønad, og ved utmåling av stønaden. Barn sine særlege rettar må òg varetakast. Dei rettleiande retningslinjene må derfor reknast som eit rettleiande utgangspunkt for det skjønet som skal utøvast, og dei kan ikkje erstatte individuelle vurderingar. Dersom stønadsbeløpet til arbeidsfør mottakar er på nivå med, eller over, kva mottakaren kan forventast å få gjennom arbeid, må det også gjerast ei særskild vurdering av nivået og krav til aktivitet. Det blir vist til rundskriv, Hovednummer 35 – 2012 punkt 4.18.1.5 om forholdet mellom individuell behovsprøving, kommunale normer og statlege rettleiande retningslinjer.

Dei rettleiande retningslinjene for økonomisk stønad til livsopphold er justert minst årleg sidan 2006.

Satsane i dei rettleiande retningslinjene blir justerte med 2,2 pst. frå 1. januar 2026 i tråd med anslaget for vekst i konsumprisane i Nasjonalbudsjettet for 2026. Dei rettleiande retningslinjene er fastsette med følgjande satsar per månad frå 1. januar 2026 (satsar gjeldande frå 1. januar 2025 i parentes):

Einslege	kr 8 300	(kr 8 100)
Ektepar/sambuarar	kr 13 800	(kr 13 500)
Person i bufellesskap	kr 6 950	(kr 6 800)
Barn 0-5 år	kr 4 050	(kr 3 950)
Barn 6-10 år	kr 4 150	(kr 4 050)
Barn 11-17 år	kr 5 400	(kr 5 300)

Dei rettleiande retningslinjene omfattar utgifter til det løpande, daglege livsopphaldet som mat, klede, medier og kommunikasjon, samt hushalds- og hygieneartiklar og tek vidare omsyn til andre sider av dagleglivet, som fritid og sosiale behov.

Utgifter til anna som er nødvendig, som bustad, straum og oppvarming, internett og breiband, bustad- og innbuforsikring, innbu og utstyr, transport og utgifter til organiserte fritidsaktivitetar for barn, inngår i livsopphaldet, men er ikkje inkludert i grunnlaget for dei rettleiande retningslinjene, ettersom dette er utgifter som varierer mykje. Avhengig av den konkrete situasjonen kan også andre utgifter vere del av livsopphaldet. Slike utgifter er heller ikkje inkludert i grunnlaget for dei rettleiande retningslinjene.

Sjå rundskriv frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, Hovednummer 35 – 2012 punkt 4.18 om økonomisk stønad til livsopphald. Arbeids- og velferdsdirektoratet har utarbeidd ein rettleiar om økonomisk stønad etter sosialtenestelova. Den blei publisert 16. desember 2022 og kan lesast her: [Veileder om økonomisk stønad etter sosialtjenesteloven](#). Arbeids- og velferdsdirektoratet har òg utarbeidd rettleiaren *Barnets beste En veileder for deg som jobber i NAV: Barnets beste - veileder 20032024.pdf*.

Med helsing

Ulf Pedersen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vibeke Trålim
avdelingsdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi
Arbeids- og velferdsdirektoratet

Adresseliste

Landets kommuner

Statsforvalteren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Statsforvalteren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Statsforvalteren i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statsforvalteren i Agder	Postboks 504	4804	ARENDAL
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Statsforvalteren i Nordland	Postboks 1405	8002	BODØ
Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus	Postboks 325	1502	MOSS
Statsforvalteren i Troms og Finnmark	Postboks 700	9815	VADSØ
Statsforvalteren i Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	TØNSBERG